



9.desember vert det konsert med Ingebjørg Eik Band på Rosendal Turisthotell.

**For dei som likar ei god musikkoppleving, vil det vera lurt å setja av datoen 9.desember. Då vert det nemleg ein ny konsert med Ingebjørg Eik Band, denne gongen på Rosendal Turisthotell, og vi som opplevde den dyktige kvartetten på Oska i sommar, veit at det vert ei flott oppleving. Mellom dei svært gode musikarane er også Uskedalen sin eigen trommis Sindre Aksnes.**



Konserten vert eit kjekt gjenhøyr med trommis Sindre Aksnes som for tida studerer på Austlandet.

Som på Oska i sommar, blir dette ein kveld med slik jazz som alle likar! Stikkord er lyrisk, vakkert, rytmisk og melodios. Bandet serverer alt frå jazz-standards til pop-låtar pakka inn i lekre jazz-arrangement. Uskedalen.no sin utsende Svein Rimestad valde **Velservert snop for øyra på Oska** som overskrift. De kan lesa kva han skreiv ved å trykkja [HER](#).

Ingebjørg Eik er frå Rosendal, har musikkutdanna seg i Oslo og har jobba som frilansmusiker i mange år. Blant anna spelt med Big Bang, Eva & the Heartmaker, m.m. Ho er ein sanger av høg klasse.

Med seg i bandet har Ingebjørg eit knippe særdeles oppegående musikarar. Alex Grieg på kontrabass spelar med dei fleste musikarar i Bergen - både innan jazz og andre genre. Han har vore med på ei rekke plateinnspelningar og turnear i både inn- og utland. Bjarne Øymyr på piano har lang fartstid i det bergenske jazzmiljøet, og spelar mellom anna i BATS og Kari Malmanger Band m.m. Begge desse musikarane er også velkjende frå bandet på bøkkerveldane på Rød. Sist men ikkje minst har vi Uskedalen sitt eige store talent Sindre Aksnes på trommer. Han viste seg tidleg som eit ekstraordinært musikk talent, og no musiserer han på trommene på profesjonelt nivå. For tida er han andre års student på Austlandet, men heldigvis får vi høyra han når han er heimom.

Det er veldig kjekt at dette flotte knippet musikarar er samla til konsert att. Heilt sikkert er det at det vert kvalitetsmusikk som alle likar. Derfor gjentar eg: - set av den 9.desember alt no

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Svein Rimestad.